

Asplan Viak AS

Brufat kyrkjegard – minnelund område

NOTAT - omtale av prosjektet - versjon G01



Brufat kyrkje

Forfatter: Marianne Laa

22.11.2023

Oppdragsgjevar: ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD
 Oppdragsnamn: Bruflat kyrkjegard
 Oppdragsnummer: 638802-01
 Utarbeida av: Marianne Laa
 Oppdragsleiar: Marianne Laa
 Dato: 22.11.2023
 Tilgjenge: Opent

Bruflat kyrkjegard - minnelund område

| | |
|--------------------------------|-----|
| Innleiande samandrag | s 2 |
| 1 Konsept og hovudgrep | s 2 |
| 2 Felles minnesmerke | s 4 |
| 3 Utstyr | s 6 |
| 4 Grøntanlegg | s 7 |
| 5 Jord- og geotekniske forhold | s 8 |

Versjonslogg:

| VER. | DATO | BESKRIVING | AV | KS |
|------|----------|--------------------------------|----|----|
| G-01 | 22.11.23 | Søknadsgrunnlag Statsforvaltar | ML | ek |

Innleiande samandrag

Bruflat kyrkjegard i Etnedal treng å supplerast med ein namna minnelund. Med dette som utgangspunkt har LARK Marianne Laa i Asplan Viak AS teikna om det ledige gravfeltet D i det nord- austre hjørnet av eksisterande gravplass til dei funksjonane som det har kome fram at er ønskjeleg. Det er totalt 198 graver i namna minnelund, 56 graver i anonym minnelund og 24 urnegraver med eigne minnesmerke (med plass for 4 urner i kvar). I praksis utgjer det 350 einskildgraver. Konseptet er i hovudsak basert på materialar som alt finst på Bruflat kyrkjegard som tre, skiferbelegg og grusgangar.




Bilete 1 - området tenkt til minnelund sett frå porten i nord og sørvestover. Eksisterande urnegraver i framgrunnen.

1 Konsept og hovudgrep


Felt D i det nordaustre hjørnet på eksisterande gravplass er omgjort til planen slik den ligg føre her, sjå utklipp under. Det er alt etablert fem urnegraver i felt D1, nordaust for porten. Desse har fått eit litt større urnefelt rundt seg. Det er også gravlagt anonymt i det nord vestre hjørnet, der ein i dette prosjektet har passa inn to anonyme gravfelt; eit for urnegraver (D2) og eit for barne kistegraver (D3). Her tenker ein seg ein felles minnestad med eit skilt som blir festa på kyrkjegardsmuren ved sidan av gravfelta. Vidare er den namna minnelunden delt inn i fem ulike felt, der tre av dei er for einskild urner (D6, D7 og D8) og eit er vanleg kistefelt (D4) medan eit er barnekistefelt (D5).

I dag er det ikkje grusvegar inne på gravplassen, og for å stette kravet om universell utforming er det laga ei «sløyfe» med hardt dekke av grus og skifer som leier til plassen med det felles minnesmerket. Vegsløyfa tener også som oppdeling av dei ulike gravfelta i

dette området, og for å lette tilkomsten til dei. For å ramme inn gravfeltet og leie trafikken utanom plenareala og bringe inn eit blomstrande innslag er det tenkt eit felt med staudar på innsida av gangvegen mot nord og vest. Vegsløyfa ligg eit stykke frå den næraste porten, og tilkomsten til denne er løyst med gangveg med grasarmering som skal vere brukbar for rullestol etc. Grasarmering er også lagt frå vegsløyfa og bort til benken og minnesmerket for den anonyme minnelunden.



Figur 1 - utklipp av gravplassplan som viser detaljer for det nye området i nordaust der felt D har vorte til eit mindre urnefelt og dei ulike gravfelta i minnelundane har fått undernummer, men alle felta i minnelundområdet har D som hovudnamn.. Sjå heile planen i teikningsvedlegg G-01.



Figur 2 - utklipp av plan for minnelunden som skal i størst mogeleg grad ligge på eksisterande terreng (kun litt justeringar for veg og plass).


2 Felles minnesmerke

I utviklinga av konseptet for minnesmerket i den namna minnelunden har materialitet og romskaping vore i fokus. Målet har vore å skape eit minnesmerke som har med seg den kjente materialstrukturen og overflata frå kyrkjebygget. Tanken er difor at «boksen» med fire veggar skal minne om tradisjonsrik tre arkitektur og samstundes vere moderne i forma, slik at ein ser at dette likevel er noko anna og noko nyare. Det blir fire veggar til å sette minneplater på minnesmerket, som er vridd 45 grader på retningen til gravene og gravfelta, slik blir lett lesbart kva for minneplater som høyrer til kva for gravfelt i «hjørna» på

vegsløyfa. Sjå utklipp av detaljteikning LJ001 under. Namneplatene er tenkt enkle, og relativt store, men gjerne i støypt materiale som dette på veggen til Bruflat kyrkje (sjå bilete 4, under).



Figur 3 - illustrasjon av minnesmerke med pergolatak. Minneplatene skal festast på dei fire veggane på søyla i midten. Det skal også vere eit felt med elvestein inntil søyla der det er mogeleg å setje blomar og lys.



Figur 4 - utklipp frå teikning LJ001 som viser minneplater på dei ulike sidene av minnesmerket etter kva himmelretning veggene vender mot, og altså kva for gravfelt sida høyrer til. Desse skilta er 130mm x 90mm.



Bilete 4 - Skiltdesign som ein tenker kan vidareførast til det felles minnesmerke i namna minnelund, samt felles skilt i anonym minnelund.

Bilete 3 t.v. - Skiferbelegget ved den inngangen mot sør på Bruflat kyrkje er tenkt vidareført i minnelund området, det same er treverket med den lyse, gyldne gløden frå solbrunt tjørrebreidd treverk. Både stolpar og panel frå inngangspartiet kan vere førebilete for minnesmerket og pergola taket som er tenkt over.

3 Utstyr

På den eksisterande gravplassen er det enkle, mørk brun beisa benkar i tre. Desse er truleg produsert lokalt, og ein tenker seg same utforming vidareført til minnelund området. Det er der teikna inn 3 nye benkar i planen. Sjå bilete av eksisterande benk i under. På det same bilete under ser ein eksisterande vasspost med kanne og ekstra hageslange. Denne og ein vasspost til nede ved urnefeltet vil vere innanfor rekkevidde i minnelund området. Dei er difor tenkt bevart som dei er, då alle vasspostane på gravplassen er av same slaget.



Bilete 5 - Syner minnelundområdet på Bruflat i bakgrunnen, med eksisterende vasspost og type benk i framgrunnen. Denne typen er tenkt vidareført i minnelundområdet.

4 Grøntanlegg

I planane for minnelund området på Bruflat kyrkjegard er det søkt å ta vare på dei bjørkene som er i planen, og buskene som finst der er tenkt innlemma i planen slik at dei blir rygg for benkane øvst i anlegget. Sjå også teikning LO001.


Det er elles supplert med eit bjørketre ut mot steingjerdet ved felt D7 for å komplettere den klassiske rammplantinga. Det er ikkje naturleg å dra inn noko anna type bjørk i dette anlegget då det er vanleg dunbjørk som er her frå før, og ikkje hengjebjørk.



Bilete 6 - buskrekka midt oppe i biletet er innpassa i anlegget slik at den kan danne rygg for sitjeplassane ved minnesmerket som blir lagt inntil, sjå figur 2 og/eller teikning LO001.

5 Jord- og geotekniske forhold

Bruflat ligg over marin grense, og i eit stabilt dal landskap med tjukke morenedekker av elveavsetningar. Slike jordbotn forhold gjer staden i utgangspunktet godt eigna til gravplass. Sjå figur 5, under:



Figur 5 er eit utklipp av frå NGU sin lausmassedatabase som syner grunnforholda i hovudsak på Bruflat kyrkjegard. Kartet syner at det kyrkjegarden ligg i eit område med tjukt morenedekke (grøn farge i kartet), med elveavsetningar oppå på den aktuelle staden (gul farge i kartet) . https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/

Dette er den nye delen av gravplassen frå 90 talet, saman med felta K,J og E. Felta på denne nyaste delen har anna jordsamansetjing (noko betre) enn den gamle delen. Det er gjennom greve og fjerna store steinar. Det er en del tilkjørt masse på desse felta, felt D ser ut til å ha tjukkare lag med organisk masse enn det er på K, J og E som alt er tatt i bruk til kistegraver, og dei felta fungerer greitt. På felt D er det røter ned til ca.1 meters djupn i både prøvehol 3 og 4. Det er ikkje observert på de andre felta, og det tyder på at jorda i området for felt D er av den beste på heile gravplassen, og godt eigna til formålet utan forbetringstiltak. Det er med bakgrunn i desse opplysningane dokumentert prøvegraving med bilete, men ikkje framskaffa siktegravar då dette syntes unødvendig då jorda er så eigna som den er.

På heile kyrkjegarden meiner gravplassforvaltninga at det er gamal elvebotn / elvemasse under overflata på ca. 1,5 m – 1,8 m. Det har fungert greitt jamfør dei felta som er i bruk.

Når det gjeld grunnvatn og avstand til grunnvatn er det ikkje kartlagt då det aldri er noko problem at det står vatn i eksisterande graver dei gongene ein grev opp ei grav for gravlegging. Massane drenerer elles høveleg fort slik at det korkje blir for tørt eller for vått i gravene ved normale forhold.



Bilete 7 - oversikt over dei fire prøvehola (1 - 4) som vart greve i eksisterande felt D som skal bli minnelund område.

Prøvehol nummer 1



Prøvehol nummer 2



Prøvehol nummer 3



Prøvehol nummer 4



Tekst til bileta over (prøvehol 1-4) og konklusjon i forhold til geotekniske forhold i området for minnelund: Området (eks. felt D) har generelt gode forhold for urne- og kistegraver. Her er det godt drenert morenejord med høveleg mykje organisk innhald.